



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 17.08.2015
Vår ref.: 2014/21104-38
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av reguleringsplan, Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad- planID 201405- Lindås kommune

Vi viser til brev datert 15.06.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad. Planen regulerer landdelen av oljerørleidninga. Hovudføremålet i planen er LNF, industri m.m. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der områda er sett av til «kommuneplanar som er gjeldande eller under arbeid». Enkelte areal er regulert som permanente anlegg for oljerørleidninga, veg og nye veganlegg, desse areala er i strid med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga og utlagt planprogram i brev av 16.09.2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Landskap, friluftsliv og strandsone

Å sikre allemannsretten og tilgjenge til natur er viktig i planlegginga. Planen omfattar det regionale friluftsområdet Hopsundet-Mjåsundet, som er registrert med viktige strandsoneverdiar. Slik planen ligg føre er strandsona tilstrekkeleg sikra i kart og føresegner. Det er positivt at ein har omsyn til landskap og terren, og at føresegnene sikrar at verdiane i desse områda vert tilbakeført etter anleggsfasen.

Barn og unges interesser

Planlegginga skal ta vare på barn og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Vi føreset at ein har hatt omsyn til barn og unge i reguleringsplanen, særleg med tanke på trafikktryggleik i anleggsfasen.

Kulturminne og kulturmiljø

Viser til brev datert 15.06.2015 med varsel om 1. gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad, samt vårt brev datert 14.11.2014. Nemnde brev oppsummerer resultat frå arkeologiske og marinarkeologiske registreringar. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Dei kjende automatisk freda kulturminna, både på land og i sjø, er godt ivaretatt gjennom føresegner og plankart med omsynssone H_730 og H_570, og vi seier oss nøgd at planforslaget ikkje får negative

konsekvensar i høve nyare tids kulturminne. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknad til planen når det gjeld kulturminne.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest

Austrheim kommune